

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	21.06.2024
Vår referanse	2024/28103-4
Dykkar referanse	202110781-10
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for ny dam Bjølsegrøvatn med veg og tunnel i Kvam herad

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Ut i frå tidlegare registreringar i området og informasjon i frå våre arkiv, er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområda. Me vurderer inngrepsareala for utvida tiltak til å ha lite potensial for funn.

Det er viktig at ein held god dialog med, og tek omsyn til, friluftsjnteressene i anleggsperioden og skiltar godt ev. omlagte stiar.

Det vert viktig å ta omsyn til vassdrag i riggplanen for å unngå avrenning av massar til vassdraget og å sikre avrenning frå nedslagsfeltet i eksisterande bekker. Det må vidare sikrast at det ikkje vert avrenning frå massefyllinga til vassdraget.

Bakgrunn

Statkraft Energi AS vil gjennomføra tiltak grunna dårleg tilstand på eksisterande dammar ved Bjølsegrøvatn. Avvik ved dammane vart avdekte i den siste revurderinga og ved tilsyn. NVE har meldt frå at det må utførast tiltak innan kort tid.

Statkraft Energi AS har sendt detaljplan for tiltaka til NVE for vurdering. NVE har vidare sendt detaljplan på høyring. Tiltaket er heimla i konsesjonen frå år 2000.

Detaljplanen for miljø og landskap skildrar planane for kva som skal byggjast. NVE skal godkjenne detaljplanen før arbeida kan starte. Høyringspartane, inkludert Vestland fylkeskommune, er bede om å gje tilbakemeldingar og innspel til detaljplanen. Konsesjonen ligg til grunn for høyringa og er ikkje gjenstand for ny høyring.

Skildring av tiltaket

Statkraft Energi AS planlegg å erstatta eksisterande hovud- og sperredam ved reguleringsmagasinet Bjølsegrøvatn med ein ny betongdam på nedstraumsida. Før dambygginga startar, er det planlagt å byggja veg og tunnel («Tunnel 1») fram til damstaden, samt ein kort veg og tunnel («Tunnel 2») fram til eit nytt båtutsett og ny driftshytte.

Den eksisterande hovuddammen er planlagt erstatta av ein ny gravitasjonsdam i betong på nedstraumsida av eksisterande dam. Gravitasjonsdammen byggast med eit tappearrangement i form av ei luke for beredskapsmessig senking av magasinet. Set er difor ikkje behov for ein ny sperredam.

For å få køyretilkomst heilt fram til damanlegget, er det planlagt å byggja veg og tunnel frå der eksisterande veg endar om lag på kote 590 og fram til damanlegget på om lag kote 870. I tillegg til ny veg og tunnel fram til damanlegget, er det òg planlagt å byggja veg og tunnel til nytt båtutsett og ny driftshytte som vil bli etablert nordaust for damanlegget.

Samla lengde på planlagde vegar er om lag 790 meter, og samla lengde på planlagde tunnelar er om lag 2465 meter. Arbeidet med nye vegar og tunnelar fullførast før betongarbeidet for den nye dammen startar opp.

Det har vore utført ein omfattande konseptstudie der ulike veg- og tunneltraséar har vore vurderte. Søkjar skriv at det har vore lagt stor vekt på landskap og miljø i valet av alternativ. Vidare skriv dei at alternativet som er valt og som er skildra i denne rapporten, vil påverka eit avgrensa område, vera tilpassa det omkringliggjande landskapet, samt sørjja for lokal deponering av tunnelmassane frå tunneldrivinga.

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har som kulturmiljøstyresmakt gjort ei vurdering av tiltaka.

Automatisk freda kulturminne

I samband med prosessen i 2022 har det vore vurdert å få gjort ei synfaring av deponiområdet, men at dette ikkje har vore kapasitet til å få gjennomført. Dette er òg vist til i detaljplan for miljø og landskap.

Tiltak er no noko utvida i høve til 2022 med ekstra tunell og båtrampe. Ut i frå tidlegare registreringar i området og informasjon i frå våre arkiv, er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområda. Me vurderer inngrepsareala for utvida tiltak til å ha lite potensial for funn.

Nyare tids kulturminne

Vi har ingen merknadar i saka når det gjeld kulturminne/kulturmiljø frå nyare tid. Dam må rivast grunna tryggleikssyn. Brakkefundament frå den tidlege fasen blir ståande

Fysisk aktivitet og inkludering

Tiltaket ligg i kartlagt friluftsområde Dammen-Naglaklepp-Toppen. Dette er eit mykje brukt utfartsområde. Det er viktig at ein held god dialog med, og tek omsyn til, friluftsinteressene i anleggsperioden og skiltar godt ev. omlagte stiar.

Vassmiljø og fisk

Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027 skildrar korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i regionen på lang sikt og i alle sektorar. Planen skal bidra til at vi når måla som følgjer av vassforskrifta. Det er viktig at søkjar og energimynde er oppdaterte på planen og sørjjer for at tiltaka ikkje hindrar at vi når miljømåla i vassdraget.

I planen står det at det enkelte stadar er markert relativt store område til rigg, men at berre delar av områda vil bli nytta og at detaljert riggplan vil bli utarbeida av utførande entreprenør i samråd med byggherren. I denne riggplanen er det viktig å ta omsyn til vassdrag for å unngå avrenning av massar til vassdraget og å sikre avrenning frå nedslagsfeltet i eksisterande bekker. Det må vidare sikrast at det ikkje vert avrenning frå massefyllinga til vassdraget.

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av 15. november 2004, § 1 a seier at utan løyve frå Statsforvaltaren eller fylkeskommunen er det forbode å sette i verk fysiske tiltak som fører til eller kan føre til fare for å redusere produksjonstilhøva for fisk eller andre ferskvassorganismar i vatn og vassdrag. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps.

Ved inngrep i vassdrag må tiltakshavar søkja etter forskrift om fysiske inngrep i vassdrag, sjølv om tiltaket ligg inne i arealplan eller reguleringsplan. Unnataket er dersom t.d. ei vasskraftsak er under konsesjonshandsaming hjå NVE. Då skal NVE ivareta «Forskrift om fysiske inngrep i

vassdrag» i sine vedtak.

Vannforskriften § 12 skal vurderast når det skal fattast enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst som kan medføre at miljømåla ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Dette kan være vedtak med heimel i forurensningsloven, vannressursloven, vassdragsreguleringsloven, akvakulturloven, havne- og farvannsloven, jordlova, lakse- og innlandsfiskloven, plan- og bygningsloven mv.

Naturmangfoldlova §§ 8–12 skal vurderast i tiltak for å ivareta; kunnskapsgrunnlaget, føre var prinsippet, samla belastning, kostnadar ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

KVAM HERAD	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER